Naturvernforbundet
Voss Naturvernlag

Naturvernforbundet
Hordaland

Voss herad

Postboks 145

5701 Voss

Bergen, 20.12.2019

Innspel til kommuneplan for Voss herad 2020-2032

Frå Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet Hordaland

Overordna: areal som ikkje-fornybar ressurs

Det er positivt at Voss herad har ei berekraftig utvikling som mål. At heradet ikkje ynskjer å byggja ned nye område "med naturkvalitetar" er eit godt prinsipp. Å unngå tap av naturmangfald er avgjerande for fleire av FN sine berekraftsmål. Det verkar som kommunen sine tilrådingar til innspela i arealplanen har teke omsyn til mykje av dette, og me støttar alle tilrådingane som går på å avslå forslag om omdisponering av areal som i dag er LNF-område samt utbygging i strandsona. Likevel er det nokre punkt Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet Hordaland ynskjer å peika på. Det er alltid avgrensa tid ved slike innspel, og denne gongen er ikkje noko unntak. Dette er derfor ikkje eit uttømande innspel til heile planen, men me uttalar oss om dei arealdisponeringane kor det etter vårt skjønn ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til å ta vare på naturverdiar i heradet, med særskilt fokus på ny arealbruk som heradet har tilrådd.

Den inngrepsfrie naturen i heradet har minka år for år. Areal er ein ikkje-fornybar ressurs og arealendringar er drivaren av tap av naturmangfald globalt, nasjonalt og i nye Voss herad. Nasjonalt står kvar femte art på raudlista over artar som står i fare for å døy ut, og arealendringar og inngrep utgjer 90% av årsakene til at artar vert utrydda. FN sitt naturpanel kom i mai med ein alarmerande rapport som slo fast at øydeleggingа av naturen og utryddinga av artar på jorda er eit like alvorleg og akutt miljøtrugsmål som global oppvarming – artar døyr ut raskare enn nokon gong i mennesket si historie. Også for å bremsa global oppvarming er naturen viktig: myrar og våtmarksområde lagrar enorme mengder karbon og metan som vert frigitt som klimagassar når desse økosystema vert øydelagt eller skada. Samtidig absorberer myr og våtmark store mengder vatn som reduserer skadeverknadane av flaum som me veit me vil få meir av på grunn av klimaendringane. Å ta vare på naturen er såleis avgjerande både for å stoppa tapet av artsmangfaldet og bremsa global oppvarming. For å dreia utviklinga inn på eit berekraftig spor må me derfor tenka nytt om korleis me bruker areala. Dei oppdaterte forventingane til kommunal og regional planlegging er også tydelege på at FN sine berekraftsmål er ramma for kommunal og regional planlegging[1].

Det er konkurranse om dei ettertrakta areala, særleg rundt byar og tettstader. Mange tettstader har stor tilflytting og utbyggingspress som fører til at viktige tettstadnære naturområde vert bygt ned. I tillegg er hovudgrepet i dagens planlegging fortetting – i plansamanheng ukontroversielt og i tråd med statlege planretningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, samt nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Det vert først kontroversielt i forhold til natur og friluftsverdiar dersom fortetting skjer utan naudsynt kunnskap og manglande medverknad. Det at kommunar aktiv søker reell medverknad er derfor heilt naudsynt for å ta vare på natur og friluftsliv også i byane og tettstadene.

[1] https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf

I Voss herad har tapet av inngrepsfri natur spesielt samanheng med hyttebygging, skogs- og hyttevegar og kraftlinjer. Dette kan vera tiltak som isolert sett er små, men det er summen av alle små og store inngrep som er problemet. Det er lett å tenka at éi utbygging og her og éi utbygging der ikkje utgjer dei store trugsmåla mot naturen og miljøet, og at artane som lever akkurat der ei utbygging skal skje har rikeleg med andre stadar å flytta til, eller at det finst nok slik natur andre stader. Dessverre får artane stadig færre leveområde å flytta til, og dei møter stadig fleire barrierar på alle kantar. Me vert fattigare på frie naturopplevingar. I Voss herad er det ofte ikkje langt mellom spor av menneskeleg aktivitet eller installasjonar. Kva gjer dette med naturkvalitetane, dyrelivet, og verdien av arealet i turist- og friluftssamanheng? Planen framhevar at ein skal "kunna få sterke og gode opplevingar i naturen". Dette kan sjølvsagt vera ei subjektiv oppleving. Men ei sterk oppleving krev som oftast at ein har fjerna seg frå det urbane og menneskeskapte.

Heradet bør få kommuneplan for naturmangfald og utbyggingsgrense

For å få til berekraftige samfunn må me vite både kva me bygger ned, kva verdiar områda har og kva økologisk funksjon dei har i ein samanheng. Mindre naturområde kan danna sambandslinjer slik at artar har høve til å spreia seg i landskapet. Til dømes fungerer elvenettverk og vegetasjon (kantsoner) omkring i urbane, skogs- og jordbrukslandskap som korridorar i blå-grøn infrastruktur. Dei fremjar biologisk mangfald, leverer viktige økosystemtenester og er område for rekreasjon og fritidsaktivitetar (t.d. fiske, turgåing, fuglekikking).

Me oppmodar derfor heradet om å vurdera å utforma ein kommunedelplan for naturmangfald. Område må først kartleggast slik at arealforvaltaren veit kva typar natur ein har, kor den er og kva den rommar. Med ein slik oversikt kan heradet sikra ein berekraftig arealbruk ved å ta vare på økologiske funksjonar, og faktisk betra funksjonar til eit område gjennom fornuftig restaurering. Heradet kan fylgja opp og styra etter konkrete måltal på naturtypenivå, men også på økologisk funksjon, ved å innføra ein arealrekneskap for heradet. Arealrekneskap trengst også for å måla framgang opp mot eit overordna mål om arealnøytralitet gjennom å fortetta og gjenbruka allereie utbygde areal framfor å bygga ned meir natur.

Éin ting heradet kan gjera allereie no er å gå i front ved å setja ei utbyggingsgrense/fjellgrense i tråd med intensjonane i nasjonal handlingsplan for friluftsliv som fokuserer på regional plan som verktøy for å ta vare på større, samanhengande naturområde av omsyn til friluftsliv, samt ta vare på landskapskvalitetar og naturmangfald[2]. På grunn av myrane sine unike eigenskapar som karbonlager, flaumdempar og habitat, bør det heller ikkje gjevast løyve til inngrep i myr.

Verknadar av nye typar inngrep: Zipline og Kitemill

To nye omgrep er med i kommuneplanen; Zipline og Kitemill. Det går ikkje fram av sakspapira korleis desse er vurdert opp mot dei generelle føringane i planen. Med tanke på dei konkrete skildringane under 2.13.5 "Estetiske retningsliner for bygge- og anleggstiltak» – korleis er Zipline og Kitemill vurdert opp mot påverknad av landskaps- og naturverdiar? Kan ein regulera inn område for desse aktivitetane utan ein grunding analyse av korleis dei påverkar eigedomar og friluftsområde omkring? Dette er uansett ei kommersiell utnytting og endring av heradet sine felles naturverdiar. Ein tek i bruk luftrommet, og såleis opnar ein for påverknad langt utover den grunnen tiltakshavarane rår over. Heradet bør vera kjent med at dette reiser prinsipielle spørsmål.


2 Handlingsplan for friluftsliv 2018

Område: Trohaug-Granvin (N14/N15) – Områda er føreslått endra frå LNF til næringsareal

Innspel: Me kan ikkje sjå at forslaget vil ivareta verneføremålet til Granvindeltaet[3]. Dei naturfaglege kvalitetane som vert framheva er kor viktig dette området er som trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl. Dette er eit rikt fugleområde gjennom fleire årstider og har verdi både som hekkeområde og som raste- og overvintringsområde for eit mangfald av vass- og våtmarksfugl. Fleire raudlista artar er påvist, av fuglegrupper som er kjend for å vera særleg utsett for kollisjon med kraftlinjer. Joberget naturreservat er også ein kjend hekkeplass for rovfugl, mellom anna har vandrefalk hekka her dei siste åra. Det er også kjend tilhald av hubro i nærleiken, og Joberget er eit eigna hekkehabitat også for denne arten. Me viser til T-2/16 under punkt 3.6 Naturmangfold:

«Innsigelse skal vurderes når ny foreslått arealbruk i planforslaget vil komme i konflikt med: Verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V, jf. § 77 og de verdier som vernet skal ivareta, også når planforslaget ligget utenfor verneområdet.»[4]

Etter det me kan sjå er omsynet til Granvindeltaet naturreservat og Joberget naturreservat ikkje teke med i kommunen si vurdering, trass i at traseen for 4,4 km zip-line er lagt svært nær vernegrensene til Granvindeltaet, og kan vera i strid med verneforskrifta.



Figur 1: Henta frå artskart og viser til registrerte fugleobservasjonar sidan år 2000.

3 Faktaark Granvindeltaet
4 T-2/16 Rundskriv

Vitenskapelig navn	Autor	Norsk navn	Kategori	Antall observasjoner
Vanellus vanellus	(Linnaeus, 1758)	Vipe	EN	3
Aythya marila	(Linnaeus, 1761)	Bergand	VU	3
Melanitta fusca	(Linnaeus, 1758)	Sjøorre	VU	1
Numenius arquata	(Linnaeus, 1758)	Storspove	VU	4
Podiceps auritus	(Linnaeus, 1758)	Horndykker	VU	2
Melanitta nigra	(Linnaeus, 1758)	Svartand	NT	1
Larus canus	Linnaeus, 1758	Fiskemåke	NT	9
Accipiter gentilis	(Linnaeus, 1758)	Hønsehauk	NT	2
Cuculus canorus	Linnaeus, 1758	Gjøk	NT	2
Lagopus lagopus	(Linnaeus, 1758)	Lirype	NT	2
Emberiza citrinella	Linnaeus, 1758	Gulspurv	NT	6
Emberiza schoeniclus	(Linnaeus, 1758)	Sivspurv	NT	5
Delichon urbicum	(Linnaeus, 1758)	Taksvale	NT	6
Riparia riparia	(Linnaeus, 1758)	Sandsvale	NT	13
Sturnus vulgaris	Linnaeus, 1758	Stær	NT	3
Carduelis flavirostris	(Linnaeus, 1758)	Bergirisk	NT	1

Figur 2: Oversikt over raudlista fugl i høve til polygonet som er teikna i figur 1.

Vidare ber me kommunen gjera greie for kva vurderinga som er gjort for området sin verdi for flaggermus og råd for vidare skjøtselsplan som er formulert i statusrapporten frå 2016:

«3.4.1. JOBERGET NATURRESERVAT OG GRANVINVATNET, GRANVIN KOMMUNE
Dette området har svært høye tettheter av flaggermus om sommeren, og mange arter er påvist her i yngletiden. Området er verdifullt også i nasjonal sammenheng. Arter som med sikkerhet er funnet på lokaliteten er vannflaggermus, skjeggflaggermus, nordflaggermus, skimmelflaggermus, dvergflagger brunlangøre. Det er også svært sannsynlig at storflaggermus finnes på denne lokaliteten, og typiske ultralyder fra denne arten er hørt flere ganger (se artsomtale). De høyeste konsentrasjonene er påvist i overgangen mellom Joberget NR og strandlinjen til Granvinvatnet. Det foreligger planer for omlegging av veibanen slik at denne ikke lenger passerer reservatet (legges i tunnel). Ettersom området må regnes for å være svært viktig for flaggermus, vil det være ønskelig å få på plass en skjøtselsplan for området mellom reservatet og strandlinjen. Norge har forpliktet seg, gjennom EUROBATS-avtalen, til å gi flaggermus rimelig vekt i forbindelse med verneprosesser, men dette har ikke blitt gjort så langt. Å ta hensyn til flaggermus i et område av stor viktighet slik som Joberget naturreservat ville være et verdig bidrag til Norges oppfyllelse av denne obligatoriske forpliktelsen i avtalen.»[5]

Området på Trohaug, der det er planlagd ein aktivitetspark der zip-lina skal gå frå, er i viltrapporten for Granvin vurdert som eit «svært viktig viltområde»[6]. Det er tiurleiken som vert framheva i rapporten, med 10-12 tiur er det ein stor leik i fylkesmålestokk. Ut frå gjeldande opplysningar kan me ikkje sjå at området sine verdiar kan ivaretakast gjennom ein reguleringsplan for nytt næringsareal som aktivitetspark og tilrår at området framleis skal ha arealføremål LNFR.

Konklusjon: Me tilrår på det sterkaste at området Trohaug (N14/N15) ikkje inngår i den nye kommuneplanen.

[5] Kartlegging av flaggermus i Hordaland 2016
[6] Viltrapport, Granvin herad 2005

Hytte- og vegbygging

Hyttefelt er ei utfordring for intakt natur. I 1983 vart det bygt 1600 nye hytter med eit gjennomsnittleg bruksareal på 62,2 kvadratmeter. I 2018 vart det bygt 6159 nye hytter med ein gjennomsnittsstorleik på 96 kvadratmeter. Det er registrert 434 809 fritidsbustader i Noreg i 2019[7]. Meir enn kvar tredje bustad på Voss er ein fritidsbustad, og liknande tal gjeld for Granvin.

Data henta frå SSB	Voss	Granvin
Bueiningar totalt	6208	496
Fritidsbustadar	3149	219

Ofte skjer hyttebygginga i område som frå før av er lite påverka av menneskelege inngrep. I tillegg til sjølve hyttene kjem også vegar og annan infrastruktur. Bilvegar må reknast som store og godt synlege inngrep i naturen. I tillegg til å vera visuelt forstyrrande, kan dei vera uheldige for naturen si naturlege demping av flaum og av evne til å lagra karbon. I framlegget til retningslinjer for fritidsbustader, kapittel 2.3.7 er det ei god formulering om vegar:

"Det bør ikkje opnast for etablering av tilkomstveg i ettertid. Ved bygging i område med lite inngrep bør ein primært leggja til rette for felles parkering og minst mogleg ny vegbygging."

I saksprotokollen 18/00006 handsama av fellesnemnda 19.09.2019 (Saknr. 35/19) er det sett inn ein merknad:

"Det bør i regulerte felt vera opning for i ettertid å etablera vegar. I slike felt bør det og ved bygging av fritidsbustader vera opning for etablering av midlertidige vegar. Ber om at dette blir vurdert i det vidare arbeidet med planen."

Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet Hordaland stussar på Fellesnemnda sin motivasjonen for å vilja ha med dette punktet. Det er ei kjennsgjerning at slike tillempingar har vore gjort i heradet tidlegare, men det strir i mot intensjonen i planen og bør ikkje vera ein regel. Ordlyden "bør vera opning for" er veldig førande. Det kunne stått "kan vera opning for", men aller helst skal merknaden fjernast heilt.

Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet Hordaland si oppfatning er at mange hytter og bustader i heradet ikkje har vorte tilpassa terrenget. Ofte endrar entreprenøren landskapet til utbygginga, i staden for omvendt. Me ynskjer at kommunen har meir fokus på dette framover.

Område: Måvotno-Storlia (F13) og Rusti-Vatnasete (F14)

Til saman er det tilrådd utbygging av 31 hyttetomter fordelt på fire felt:10 hyttetomter i Måvotno-Storlia-området og 21 hyttetomter i Rusti-Vatnasete-området. Forslaget inneber også utbygging av vegar og straumtilgang.


I Måvotno-Storlia og Rusti-Vatnasete-områda er det store, intakte myrområde som vil verta påverka av hytte- og vegutbygging. Myr er levestad for mange viktige artar av plantar og dyr og fungerer som nemnt som karbonlager og "svamp". For å kunna bygga hytter og vegar må myrane drenerast, noko som fører til at dei vert brotne ned. Dette fører igjen til at karbonlagra vert øydelagt, med betydelege utslepp av klimagassar.

[7] https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/faktaside/hytter-og-ferieboliger#blokk-2

Måvotno er vurdert som eit «viktig viltområde» i viltrapporten for Granvin[6] og ligg inne i Oksenhalvøya villreinområde[8]. Det kjem i svært liten grad fram i tilrådinga at dette vil ha konsekvensar for villrein, og me viser til viltrapporten frå 2005 sin omtale av dei 13 prioriterte viltområda i heradet:

«Desse områda er først og fremst ein peikepinn til kommunen om at ein ikkje bør planlegge hyttefelt eller andre tunge inngrep her.»[9]

Oksenhalvøya villreinområde er tilkjent som omsynssone og tilhøyrande vedtak seier at villreinomsyn skal ha særskilt fokus. Dette fokuset kjenner me ikkje att i tilrådinga om endra arealføremål for å legga til rette for fritidsbustader i villreinområde.



Figur 3: Henta frå kommunekartet som viser at omsynssona inkluderer innspela til nye fritidsbustader, og også nytt næringsareal for kitemill-vindkraftproduksjon.

Måvotno er også omtala som viktig for andefugl og vadefugl i viltrapporten, og det er observert sjøorre (sårbar (VU) på raudlista). Frå gamalt av er det også kjend tilhald av hubro (sterkt truga (EN) på raudlista) i nærleiken, ein indikasjon på at det har vore og framleis kan vera god tilgang på næring her ettersom fugl knytt til våtmark og vatn er viktig mat for hubroen. Me ber kommunen gjera greie for at vurderinga av ny arealbruk i dette Måvotno-Storlia og Rusti-Vatnasete-områda begge er sett til «0».

Konklusjon: Av omsyn til sårbare myrområde, karbonlagrande og flaumdempande økosystem, natur med få inngrep frå før, fugleliv og vilt tilrår me på det sterkaste at områda Måvotno-Storlia (F13) og Rusti-Vatnasete (F14) ikkje inngår i den nye kommuneplanen.

[8] https://www.villrein.no/oksenhalvya-2
[9] http://www.granvin.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=94&FilId=1215

Område: Snaueggi (N18)


Me er i utgangspunktet positive til nye måtar å produsera fornybar kraft på, og synest Kitemill verkar interessant. Likevel stiller me oss undrande til at Kitemill skal plasserast i fjellet dersom målet er å unngå naturinngrep? Når areal er ein ikkje fornybar-ressurs, må me finna smartare måtar å produsera energi på enn å forsyna oss av dei stadig krympande intakte naturområda. Snaueggi ligg også inne i Oksenhalvøya villreinområde, utan at det heller er diskutert tilstrekkeleg i planen.

Konklusjon: Me tilrår at området Snaueggi (N18) ikkje inngår i den nye kommuneplanen, og at Kitemill vert testa ut i område som allereie er bygd ned, til dømes industriområde.

Innspel: Kvanndalselva som omsynssone

Dei påviste naturverdiane i Kvanndalen i tråd med kartgrunnlaget i rapporten må anerkjennast ved at det vert lagt ein omsynssone for landskap og vern av naturmiljø. Me føreslår også at retningslinje 2.12.2 vert spissa i retning «Omsynssone naturmiljø omfattar område som har vesentlege naturverdiar. Naturmiljø skal ha særskilt vern innanfor sona, og inngrep som vesentleg forringar naturverdiane kan ikkje tillatast. Naturverdiane skal tilleggast vesentleg vekt ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak innanfor området».

Delar av området langs Kvanndalselva er kartlagt av nokon av Noregs fremste ekspertar på lav og mosar i samband med utbyggingssøknaden til Hardanger Energi om Folkedal II. Tilleggskartlegginga vart tinga og betalt av Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland og førte til ny kunnskap om raudlisteartar langs elva, som me forstår som klart vedtaksrelevant då NVE avslo søknaden 28.5.2019. Avgjersla vart klaga på av utbyggar og ligg i skrivande stund til handsaming hjå OED[10].



Figur 4: Det er kartlagt to naturtypelokalitetar i Kvanndalen. Ein bekkekløftlokalitet dekkar heile dalføret, medan ein lokalitet med rik edellauvskog dekkar store areal i midtre og nedre delar.

[10] Meir informasjon: https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7928&type=V-1

Figur 4 er henta frå rapporten «Naturverdier i Kvanndalen i Granvin herad» som BioFokus publiserte hausten 2018. Figuren viser dei to naturtypelokalitetane som er avgrensa i arbeidet, og begge vert gitt A-verdi, og vert vurdert som svært viktige. Heile dalføret er registrert som ei stor skogsbekkekløft, og den store verdien vert grunngjeven med storleiken på lokaliteten og området sin intakte karakter. Basert på kriteria sett i det nasjonale bekkekløftprosjektet vert Kvanndalen vurdert på lik linje med lokaliteten langs det no verna Øystesevassdraget, til 5 av 6 poeng. Kvanndalen vert vurdert som «et unikt dalføre med svært stor økologisk variasjon og med forekomst av svært viktige naturtyper og truete arter. Det finnes få, om noen kjente intakte storkløfter i fylket med like høye verdier som i Kvanndalen».

Støy frå flytrafikk

I forhold til støy er det viktig at Voss herad syter for at vedtekne regelverk som gjeld flytrafikken og støygrensene på Bømoen vert etterlevd.

Klimatilpassing

Det er fleire kommunar som har lagt ned føresegner kopla mot vassforvaltingsplanar til dømes, eller meir generelt peikar mot at tida for nedbygging av våtmark og vassdrag er over. Både fordi dette er viktige biotopar, viktig som bidragsytarar i naturlege overvatnsystem og ikkje minst vert det lagra store mengder CO2 i myr. Døme på dette inspirert av føresegner vedteke i Bergen kommune sin KPA kan vera:

«- Planer og tiltak som berører vannforekomster med vedtatte miljømål i henhold til vannforskriften skal utrede hvordan planen/tiltaket påvirker måloppnåelsen, det skal også vurderes hvorvidt planen eller tiltaket kan påvirke måloppnåelsen positivt.

- Ved tiltak som berører lukkede eller sterkt påvirkede vassdrag skal vassdraget gjenåpnes og restaureres. Dersom dette ikke lar seg gjøre skal det begrunnes.»

Det er også relevant å sjå til «Statlige planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning». Her finn me fleire viktige krav:

«Kommuneplanens arealdel må brukes aktivt for å oppnå en samlet arealdisponering som ivaretar hensynet til et klima i endring. I planprogrammet skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer behov for oppheving eller revisjon av gjeldende reguleringsplaner.

Arealer som vurderes tatt i bruk til utbyggingsformål i kommune- og reguleringsplaner kan være utsatt for farer, som for eksempel flom og skred. Utbygging kan også øke påkjenningen for nedenforliggende arealer. For å kunne forebygge tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier er det nødvendig at det, gjennom risiko- og sårbarhetsanalyser tidlig i planprosessen, vurderes om klimaendringer gir et endret risiko- og sårbarhetsbilde.»[11]

I samband med dette er det flott at heradet har sett soner for vernskog med tilhøyrande føresegn. Klimatilpassingsaspektet ved naturlege vassvegar vert understreka og planretningslinja fremjar naturbaserte løysingar for handtering av overvatn, og krev at det skal grunngjevast dersom andre løysingar vert valt. Retningslinja peikar på viktige aspekt når ein planlegg nye område:


[11] https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-28-1469

«Ved planlegging av nye områder for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderes hvordan hensynet til et endret klima kan ivaretas. Det bør legges vekt på gode helhetlige løsninger og ivaretakelse av økosystemer og arealbruk med betydning for klimatilpasning, som også kan bidra til økt kvalitet i uteområder. Planer skal ta hensyn til behovet for åpne vannveier, overordnede blågrønne strukturer, og forsvarlig overvannshåndtering.»

Fjellheimen

Når det gjeld villreinområdet Fjellheimen føreset me at kommuneplanen er i samsvar med den interkommunale planen for området og at ein har fått innspel frå referansegruppa til Fjellheimen sitt arbeid. Sjå vedlagte arbeidskart som er utarbeidd av referansegruppa og viser til ulike lokalitetar innanfor villreinområdet som har utfordringar eller er peika på som sårbare i dag.

Område 17 gjeld utfordringar knytt til fortetting og utviding av eksisterande hyttefelt på Geilane, dokumenta ved planoppstart viste lite teikn til villreinområde, og det er i nærleiken av område som er nytta som kalvingsområde og vårbeite. Det er viktig at kunnskapsgrunnlaget er så godt som mogleg når ein utarbeidar kommuneplanar, og at ein aktivt søker erfaringa og kunnskapen til dei som sit i referansegruppa.



Kart utarbeidd av referansegruppa i Fjellheimen villreinområde som viser til område kor det er særlege utfordringar i dag, anten ved at det er mykje ferdsel, spesielt sårbare område eller knytt til flaskehalsar som hindrar villreinen sine vandringar. Det som er verdt å merka seg er at fleire av desse områda ligg i utkanten av villreinområdet.

Naturvernforbundet
Voss Naturvernlag

Naturvernforbundet
Hordaland

Oppsummering

Oppsummert tilrår Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet Hordaland at dei føreslåtte omreguleringane av områda Trohaug (N14/N15), Måvotno-Storlia (F13), Rusti-Vatnasete (F14) og Snaueggi (N18) ikkje vert teke til følgje, og at desse områda vert bevart som dei er i Voss herad sin KPA. Me tilrår Voss herad å utarbeida ein kommuneplan for naturmangfald, setja ei utbyggingsgrense, ikkje gje løyve til inngrep i myr, sørga for at støygrensene i Bømoen vert etterfulgt, og oppretta omsynssone i Kvanndal. Me viser elles til høyringsfråsegna til NOF Hordaland og stiller oss bak deira meir utfyllande innspel av omsyn til fugleliv. Me håpar Voss herad vil gå i front og verta blant dei beste kommunane i landet på berekraftig arealbruk, o g ynskjer dykk lykke til med det vidare arbeidet med planen.

Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet Hordaland v/

Ørjan Sælensminde
Sakshandsamar
FNF-koordinator Hordaland

Inge Draugsvoll
Sakshandsamar
Voss Naturvernlag

Kåre Flatlandsmo
Leiar Voss Naturvernlag

Oddvar Skre
Gruppeleiar Naturmangfald
Naturvernforbundet Hordaland